

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Anne-Jorunn Bjørkum Leigvold
Arkivsaksnr.: 16/24 - 24

Arkiv: 146 A

Planlagt behandling:

Hovudutval skule og barnehage

PLAN FOR KVALITETSUTVIKLING I BARNEHAGANE 2018-2020

Bakgrunn for saka:

Plan for kvalitetsutvikling 2018-2020 for barnehagane er nå revidert. Utkastet til ny plan har vore sendt på høyring til samarbeidsutvala og FAU i alle barnehagane, til styrarane og til fagforeiningane den 30. januar 2018. Høyringsfrist vart sett til 18.april 2018.

Saksopplysningar

Plan for kvalitetsutvikling 2018 -2020 er ei revidering av førre plan 2016-2019. Plan for kvalitetsutvikling 2016-2019 blei vedteke januar 2016 i hovudutval for skule og barnehage.

Det har kome innspel frå elleve høyringsinstansar. Innspela frå samarbeidsutvala, barnehagepersonale og fagrøyrsla er i hovudsak tekne med i ferdiggjering av planen. I sum er tilbakemeldingane gode og støttande til planen.

Det framlegget til plan for kvalitetsutvikling som rådmannen no legg fram, omfattar sektoren samla sett og i kvar einskild barnehage.

Planen ber preg av balansen mellom ein felles heilskapleg kommunal profil, samstundes som den einskilde barnehage har spelerom til å tilpassa eigen profil.

Endringar frå førre kvalitetsplan

Barnehagane fekk ny rammeplan for barnehagen sitt innhald hausten 2017, og det er no innarbeidd i planen. Det gjeld særskilt mangfald og inkludering, psykososialt miljø, tidleg innsats, språk og dei minste barna i barnehagen.

Hovudutval for skule og barnehage vedtok i januar 2017 eit satsingsområde i Kleppbarnehagen «Marte Meo», der denne metodikken vert nytta som ein hovudmetodikk for å rettleia tilsette. Denne satsinga er no innarbeidd i planen.

I ny vedteken oppvekstplanen, er tidleg innsats og styrka tverrfagleg arbeid tatt med.

Del fem er ny og skal gje retning om vidare satsing framover.

Vedlegg:

- Plan for kvalitetsutvikling i barnehagane 2018-2020.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Plan for kvalitetsutvikling i barnehagane 2018 – 2020 blir vedtatt.

Rådmannen i Klepp 22.05.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.